



MULTICONSULT NORGE AS AVD BERGEN  
Nesttunbrekka 99  
5221 NESTTUN

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Frida Halland, 5764 3128

## Uttale - varsel om endring - Bømlo - 4/89 m fl - Skutevik - naustområde - detaljregulering

Vedkjem brev frå Multiconsult med brevdato 20.5.2026. Det er sett uttalefrist både den 19.6.2026 og 20.6.2026. Vi gjer merksam på at oversendinga korkje er loggført eller registrert hjå oss før den 9.6.2026. Normalt ventar vi ein rimeleg frist ogso for endringar etter forenkla prosess.

### Framlegg til endring

Endringa går ut på å justere byggegrense, opne opp for ny kai, ny flytebrygge og nye parkeringsplassar for naustområda. Slik vi forstår varselet skal byggegrense på UNB6 endrast. Byggegrensa skal vere tilpassa oppføring av to naust.



Figur 1: eksisterande planframlegg for UNB6 til høgre og nytt planframlegg til venstre.

«Byggegrensen UNB6 følger nå i hovedsak feltgrensene. Endringsforslaget innebærer ingen endringer i antall naust eller tillatt størrelse på naustene som kan bygges. En byggegrense som følger sjølinjen, gir større fleksibilitet og legger til rette for en mer hensiktsmessig plassering av naustene i forhold til kai.»

### I føresegnene står fylgjande om byggjegranser: § 2.8 Byggjegranser

Byggjegranser er vist i plankartet. Der byggjegranse ikkje er vist, følgjer denne føremålsgrensa.

Vi rår til at de vurderer om endringa i byggegrensa på UNB6 i plankartet samsvarer med intensjonane. Slik kartet no er utforma ser det ut til at det ikkje vert opna for utbygging aust i arealføremålsområdet UNB6, jf. det er vist byggegrense i kartet.

Med helsing

Kristin Nåmdal  
seksjonsleiar

Frida Halland  
Seniorrådgjevar



*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Bømlo kommune

Leirdalen 1

5430

BREMNES